




# TA 2019/18 ARKEOLOGISK OVERVAKING I SAMBAND MED UTBETRING AV DRENSSYSTEM PÅ SØRSIDA AV VÅR FRUE KYRKJE, TRONDHEIM

Vår Frue kyrkje, Trondheim kommune

Tidemansen, Kjersti







Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)

Storgata 2, Postboks 736 Sentrum, 0105 Oslo

Telefon: 23 35 50 00

[www.niku.no](http://www.niku.no)

Tittel TA 2019/18 Arkeologisk overvaking i samband med utbetring av drensssystem på sørsida av Vår Frue kyrkje, Trondheim Vår Frue kyrkje, Trondheim kommune	Rapporttype/nummer NIKU Oppdragsrapport 38/2021	Publiseringsdato 16.12.2021
	Prosjektnummer 1021490	Oppdragstidspunkt 26.08.-14.10.2019
	Forsidebilde Graving av dreneringsgrøft på austsida av Vår Frue kyrkje. Foto: Da62838 079	
Forfatter(e) Tidemansen, Kjersti	Sider 51	Tilgjengelighet Åpen
	Avdeling Arkeologi	

Prosjektleder Silje Sandø Rullestad
Prosjektmedarbeider(e) Kjersti Tidemansen
Kvalitetssikrer Ann Kathrin Jantsch

Oppdragsgiver(e) Kyrkjeleg fellesråd i Trondheim
---

<p>Sammendrag</p> <p>I samband med utbetring av drens-systemet ved Vår Frue kyrkje var det utført gravearbeid under arkeologisk overvaking. Det vart grave ei samanhengande dreneringsgrøft på sørsida av kyrkja frå kummen ved tårnet til kommunal kum i Kongens gate. Gravinga gjekk for seg i etterreformatoriske og i hovudsak forstyrre massar. Ei gravhelle frå 12- 1300-talet dukka opp i dei etterreformatoriske massane, og var truleg redeponert som (dør)helle. I enden av grøfta i Vår Frue gate-Kongens gate var det påvist automatisk freda kulturlag i profilen.</p>
---

<p>Emneord</p> <p>Middelalderby, mellomalderby, middelalder, mellomalder, Trondheim, Vår Frue, kirke, kyrkje, kirkegård, kyrkjegard, gravhelle, kulturlag</p>
---

Avdelingsleder

Lise-Marie Bye Johansen



## Innholdsliste

1	Innleiing .....	7
2	Tiltaket sitt omfang .....	7
3	Historikk og problemstillingar .....	7
3.1	Vår Frue kyrkje .....	8
3.2	Kyrkjegarden.....	10
3.3	Kulturlag og gjenstandsfunn.....	10
3.4	Problemstillingar .....	11
4	Metode og gjennomføring .....	11
4.1	Endringar av gravearbeidet i forhold til opphaveleg søknad .....	12
5	Resultat.....	13
5.1	Kulturlag og funn .....	15
5.1.1	Funn aust for koret.....	15
5.1.2	Funn sør for skipet.....	17
5.1.3	Gravhella frå mellomalder.....	19
5.2	Skjelettmateriale og kyrkjegard .....	22
5.3	Fundamenta til Vår frue kyrkje.....	23
5.4	Topografiske forhold .....	27
5.5	Skildring av dreneringsgrøft og lag.....	27
5.5.1	Grøfta ved sørveggen til tårnet .....	27
5.5.2	Grøfta langs nybygget toalettanlegget - Sunnivakapellet .....	30
5.5.3	Grøfta Sunnivakapellet – koret .....	31
5.5.4	Grøfta koret – Vår Frue gate .....	33
5.5.5	Grøfta Vår Frue gate – Kongens gate .....	34
6	Arkeologisk overvaking – oppsummering og konklusjon.....	38
7	Litteratur.....	40
8	Dokumentasjon .....	41
	Vedlegg 1 Fotoliste .....	41
	Vedlegg 2 Utskrift frå tilvekstkatalogen, NTNU Vitskapsmuseet .....	42
	Vedlegg 3 Dateringsrapportar, 14Chrono, Queens University Belfast.....	44
	Vedlegg 4 Kalibreringskurver .....	48



## 1 Innleiing

WSP Engineering AS søkte på vegner av Kyrkjeleg fellesråd i Trondheim den 02.01.2019 Riksantikvaren om dispensasjon frå Lov om kulturminne av 9. juni 1978 (kml) for graving i samband med utbetring av drencsystemet ved Vår Frue kyrkjestad kulturminne-id. 85888 i Mellomalderbyen Trondheim, kulturminne-id. 90288. NIKU Distriktskontor Trondheim mottok oppdragsbestilling frå Riksantikvaren den 15.01.2019 (RA-ref.: 18/02893-8) for utarbeiding av forslag til prosjektskildring og budsjett for arkeologiske undersøkingar, som er nødvendige i samband med tiltaket. NIKU ga sitt svar i brev av 26.02.2019 (NIKU ref.: 21 554.31 SSR) til Riksantikvaren med vedlagt prosjektskildring og budsjett (Rullestad 2019).

## 2 Tiltaket sitt omfang

Bakgrunnen for tiltaket var ein tilstandsanalyse utført i 2018, som påviste fuktproblem i kjellaren under Vår Frue kyrkje, med utvaska fugar og utfall av stein i ei kvelving under Sunnivakapellet på sørsida av kyrkja. Desse problema var resultatet av at takvatn har runne direkte nedpå bakken inntil kyrkja. Det har vore mangelfull drenering, og overflatevatn på terrenget har runne inntil kyrkja.


Ein ynskte dermed å utbetre problemet ved å etablere ei drencsrenne langs sørfasaden til kyrkja. Tiltaket innebar at taknedløp frå kyrkja skulle koplast på drencsrenna, som skulle førast til eksisterande offentleg nett. Røyr frå Sunnivakapellet mot vest kunne koplast på den eksisterande fordrøyingskummen ved sørvestre hjørnet til tårnet. Røyr mot aust skulle førast ut til eksisterande kommunal VA-leidningstrasé i Vår Frue gate, og koplast på kommunal kum i Kongens gate.

Før sjølve gravearbeidet med dreneringsgrøfta måtte eksisterande brusteinsrenne og heller bli mellombels teke opp i traséen for grønfta. I utgangspunktet var dreneringsgrøfta planlagt med 1,5 meter i breidde og 0,4 meter djupne langs sørveggen til kyrkja, men endringar i desse måla kom undervegs og blir skildra nedanfor i kapitlet om gjennomføringa av undersøkinga. Mot kummen i Kongens gate var djupna planlagt ned mot 2,5 meter.

Ein la geomembran som eit tettande sjikt i botnen av grønfta, deretter pukk, drencsrør og varmekabel. Siste del av tiltaket innebar at heller og brustein vart lagt på plass, og området reetablert med overflateterreng som tidlegare.

## 3 Historikk og problemstillingar

Tiltaksområdet ligg innanfor det automatisk freda kulturminnet Mellomalderbyen Trondheim, Askeladden id. 90288, og mellomalderkyrkjesteden Vår Frue kyrkje id. 85888. Tiltaket rørte ved både kyrkjebygningen og ein lengre utstrekning av kyrkjegarden. Traséen strekte seg frå kyrkja sitt tårn i vest og austover forbi heile kyrkjebygningen til Vår Frue gate og endar i nordaust i sørleg del av Kongens gate. I dette området har det tidlegare vore utført ein del større og mindre arkeologiske undersøkingar.



**Figur 1: Utsnitt frå kart i Askeladden-databasen. Den rosa markeringa viser den automatisk freda lokaliteten Vår Frue kyrkjestad id. 85888. Sikringssona til kulturminnet er ikkje teke med her. Kartgrunnlag: Kartverket.**

### 3.1 Vår Frue kyrkje

Vår Frue kyrkje er saman med Nidarosdomen dei to bevarte, ståande kyrkjene frå mellomalderen i Trondheim. Vår Frue har vore soknekyrkje med tilhøyrande kyrkjegard i byen sidan mellomalderen (Lunde 1977:212).

Ein har liten arkeologisk kunnskap om Vår Frue kyrkje i mellomalderen. Det har vore utført få arkeologiske undersøkingar av bygningen og dei historiske kjeldene er også få. I samband med restaureringsarbeidet i 1880-åra var det gjort mindre undersøkingar av grunnmuren på sørsida av kyrkja og ved austveggen i koret høvesvis i 1885 og 1889 (Lunde 1977:63). I 1973 var det utført ei utgraving på nordsida av skipet. Fundamenta til skipet, både delen frå mellomalder og delen frå 1600-talet, vart avdekt under undersøkinga (TA 1973/4).

Det nøyaktige byggeåret til kyrkja er ikkje kjend, og det er ulike teoriar om når den vart bygd. Ein teori går ut på at dei eldste delane, den austre halvdelan av skipet og koret, kan vere bygd tidleg på 1200-talet. Ein meiner at mellom anna proveniensen til klebersteinane brukt i murverket kan seie noko om dette, som kjem frå to lokale/regionale steinbrot som gjekk ut av bruk ca. 1200 og vart satt i drift ca. 1200, eventuelt gjenbruk av den eine klebertypen (grønskifer) frå ei eldre kyrkje på staden



eller i nærleiken. Opplysningar frå fleire historiske kjelder kan også byggje opp under ei tidleg 1200-talsdatering, til dømes eit baglaropprør i byen i 1206 med hærverk og massakre på birkebeinarar i ei Mariakyrkje (stavkyrkje) blir knytt til Vår Frue. Ei slik hending kunne ført til at den gamle kyrkja vart vanheilag og ubrukeleg, og ein måtte bygge ny. I tillegg kan ei Mariakyrkje som vart gjeve ei kongeleg gåve i 1183 vere Vår Frue, det peikar mot at kyrkja hadde ein spesiell status. Det same gjer Vår Frue kyrkje si framtrødande rolle i påskeliturgien i byen fyrst på 1200-talet, og den spesielt store storleiken på kyrkja. Vår Frue er ei av dei største kyrkjene som var bygd i Noreg i mellomalderen, den er til dømes større enn dei største bygdekyrkjene i Trøndelag (Værnes, Mære) og den svært sentralt liggande Avaldsnes kyrkje ved skipsleia på Karmøy bygd av kong Håkon Håkonsson. Dette er faktorar som kan underbyggje eit byggetidspunkt tidleg på 1200-talet (Ekroll 2007:20-32).

Undersøkingane i 1973 som avdekte fundamenta til skipet, har gjeve grunnlag for andre teoriar om datering av mellomalderkyrkja. Dei eldre kyrkjefundamenta skjærer gjennom eit brannlag påvist både nord og vest for kyrkja. Eit keramikkskår funne i brannlaget antyd at datering til slutten av 1200-talet eller byrjinga av 1300-talet. Det kan bety at skipet ikkje kan vere eldre enn det, eventuelt at det er ei utviding av ein eksisterande bygning eller at heile kyrkjebygningen er bygd på denne tida. Dei avdekte fundamenta inneheld mykje kvaderstein, og kan vere gjenbruk frå ein tidlegare bygning. Mellomalderfundamenta har likskapar med fundamenta på sørsida dokumentert i 1885, men skiljer seg frå fundamenta avdekt på koret i 1889. Gravleggingar har vore utført på staden før skipet vart bygd. Under hjørnesteinen i mellomalderfundamentet var det skejlettrestar (TA 1973/4).

Kyrkja har vore råka av brann fleire gonger, truleg i 1531, i 1598, 1651, 1681 og 1708 (Grankvist 2007:62-68), og store endringar har vore utført på kyrkja i samband med fleire av brannane. Etter bybrannen i 1681 vart vestveggen i mellomalderkyrkja rive 1681-86, og skipet forlenga mot vest. Våpenhuset, eller Sunnivakapellet, kom i 1708 (Ekroll 2007:43). Tårnet vart bygd i perioden 1739-1742 (Lysaker 2007:111-116). I samband med graving for lynvernanlegg rundt kyrkja i 1997 vart det registrert førekomst av mørtel, stein og teglsteinsfragment som stamma frå bygginga av tårnet på 1700-talet (TA 1997/9).



**Figur 2: Teikning av Vår Frue kyrkje frå 1773. Foto: Schrøder. Eigar: Sverresborg Trøndelag folkemuseum. Digitaltmuseum.no.**

## 3.2 Kyrkjegarden

Fleire undersøkingar har gjeve innblikk i kyrkjegarden kring Vår Frue, og som nemnt ovanfor har det vore utført gravleggingar sidan tida før det ståande mellomalderskipet/kyrkjebygningen (TA 1973/4). Det er ellers gjort funn av skjelettdelar og gravleggingar som gjev eit peikepinn om utstrekninga til kyrkjegarden mot nord, vest og til dels aust. I perioden 1901 -2016 har det kome fram minst 148 skjelett/gravleggingar frå kyrkjegarden i ulike gravearbeid (TA 1973/4; Lunde 1977:54-55; TA 1996/5; TA 2016/12). Kyrkjegarden si nordre avgrensing går truleg ved fasadelina til den gamle Telegrafbygningen, i dag Mercur kjøpesenter. Mot nordvest ligg grensa der i krysset med Nordre gate. I nordaust ca. 8 meter vest for vestsida til Apotekerveita. Avgrensinga av kyrkjegarden mot sør og aust er ikkje påvist arkeologisk (Lunde 1977:54-55), men intensiv bruk av kyrkjegarden i aust er påvist ved fleire høve (Lunde 1977:55; TA 1995/20; TA 1996/5; TA 2016/12 in prep.). I ei grøft langs Kongens gate og vest for kyrkja, kom ein truleg over den vestlege avgrensinga av kyrkjegarden i gravinga i 1973. Kyrkjegardslaga blir skildra å stoppe brått på eit punkt mot vest (TA 1973/4).

Etter bybrannen i 1681 mista Vår Frue kyrkje nesten heile delen av kyrkjegarden på nordsida av kyrkja, da Kongens gate vart anlagt. I samband med dette vart to eigedomar på austsida av kyrkja kjøpt i 1682, og lagt ut til kyrkjegard. I løpet av siste halvdel av 1700-talet vart ein veg, i forlenging av Vår Frue gate, etablert over kyrkjegarden, Kirkeristen. Etter nedlegginga av kyrkjegarden vart den ein del av Vår Frue gate. Den austre delen av kyrkjegarden, nåverande Tordenskioldparken/ minneparken, gjekk ut av bruk i 1832. Heile kyrkjegarden vart formelt nedlagt i 1840 og kring 1850 vart kyrkjegarden aust for kyrkja lagt ut til park (TA 2016/12 in prep.).

## 3.3 Kulturlag og gjenstandsfunn

Det er påvist kulturlag og gjenstandsfunn frå mellomalderen nord, vest og aust for kyrkja. I tilknytning til gravene på nordsida av skipet vart det funne ein mynt prega under Håkon V. (1299-1319). Busettingslag her er også frå tida før kyrkjebygningen. Lengre vest, og vest for avgrensinga til kyrkjegarden, kom ein over brannlag over trebrulegging og ein mengde gjenstandar inkludert eit spinnehjul i kleber med runeinnskrift (1973/4).

I 2007 var det utført arkeologiske undersøkingar i samband med legging av fjernvarmerør til kyrkja frå Vår Frue strete via Vår Frue gate. Nordaust for kyrkja påviste ein intakte kulturlag, men ingen kunne stadfestast som førreformatoriske lag. Ein påviste også bygningskonstruksjonar, rivingslag, kyrkjegardsjord og gravleggingar. Utanfor koret til kyrkja kom ein over kraftige brannlag mest truleg frå bybrannen i 1708 (TA 2007/08). Frå ei undersøking i samband med etableringa av minneparken i 2016 rørte ein ved noko av det same området, med påvising av trebruleggingar frå 1600-talet og eit kulturlagsområde nord i parken. Dette bestod av eit treflislag med dyrebein, horn-avkapp, keramikkskår frå 14- 1500-talet og lærfragment. Det vart anteke at kulturlaget er frå mellomalderen. I samband med undersøkinga gjorde ein også funn av ei skei av horn eller bein av samisk type (TA 2016/12 in prep.).

### 3.4 Problemstillingar

Tiltaket var gjennomført i hovudsak på sørsida av Vår Frue kyrkje, eit område det tidlegare har vore gjort få undersøkingar i. Kunnskapen var difor liten om kva for djupner kulturlaga låg i, sjølv om undersøkinga i samband med lynvernanlegget i 1997 ga eit visst peikepinn om djupnene. Grøfta var den gong grave på 0,3 meter, og ein hadde ikkje kome i konflikt med automatisk freda kulturminne. Ein del av premisset for løyva til å gjennomføre tiltaket var å føre dreneringsgrøfta mest mogleg i forstyrra massar. Men ein rekna med at potensialet for bevarte kulturlag kunne auke mot enden av grønfta i krysset Vår Frue gate – Kongens gate, der djupna på grønfta skulle gå ned til eksisterande kum på inntil 2,5 meter.

Dei arkeologiske problemstillingane for prosjektet tok utgangspunkt i Riksantikvaren sitt faglege program (Johannessen et al. 2015:177-179) for mellomalderarkeologi:

- Vil ein kunne finne mellomalderske kulturlag, og i så fall av kva for karakter og omfang?
- Vil ein kunne finne spor etter graver kring kyrkja og i området ved Vår Frue gate? Tidlegare undersøkingar har vist at gravene ligg djupare enn det som skal gravast i dette tiltaket.
- Vil ein kunne sjå toppen av fundamentet til kyrkja og eventuelt påvise storleiken av fundamentgrøftene?
- På austsida av Torvet, som ligg like ved, er det påvist førhistorisk busetnad. Vil ein også kunne finne slike spor innanfor det aktuelle området?
- Vår Frue kyrkje ligg på ein høgderugg i landskapet. Det finst få målingar av naturleg undergrunn i dette området, og det vil vere av interesse å få fleire punkt her.

## 4 Metode og gjennomføring

Dreneringsgrøfta var grave opp med gravemaskin og gravearbeidet vart arkeologisk overvaka undervegs. Prosjektleiari var Silje Sandø Rullestad, og utgravingsleiar var Kjersti Tidemansen. Julian Cadamarteri, Dag Øyvind Engtrø Solem og Ian Reed var innom for å bistå. Gravemannskapet var frå Gaula graveservice AS. Etter funnet av ei gravhelle fekk vi hjelp av Øystein Ekroll frå Nidaros domkyrkje restaureringsarbeider (NDR) til å vurdere alderen på gravhella. Det vart også gjennomført synfaring av gravhella med NTNU Vitskapsmuseet (VM) ved Torkel Johansen og Jenny Kalseth.

Dreneringsgrøfta vart i hovudsak grave frå vest mot aust på sørsida av Vår Frue kyrkje med start ved sørveggen til tårnet. Mindre delar av traséen, til dømes ved kummen ved tårnet, ved naudutgang i Sunnivakapellet og ved utgangen frå toalettanlegget, vart utsatt til ein hadde gjort nødvendige førebuingar for arbeidet ved kummen eller til at ein kunne grave opp og att grønfta på same dag til dømes ved naudutgangen.

Storleiken på grønfta var på ca. 1,5 meter i breidde, og ca. 0,6 meter i djupne. I enden av grønfta i Kongens gate vart det grave ned til ca. 2 meter djupne. På grunn av sikkerheita i samband med denne djupna vart det grave ein vidare omkrins av grønfta på 2,6 x 2,7 meter. Total lengde på grønfta var cirka 110 meter.

Den arkeologiske overvakinga av gravearbeidet var tilpassa framdrifta i prosjektet, og skjedde til og frå i perioden 26.08. – 14.10.2019.

Gravinga av dreneringsgrøfta skjedde i omrota massar av kyrkjegardsjord i tidlegare oppgravde traséar. I massane var det jamnt over ein del disartikulerte skjelettrestar. Dette vart samla inn, og gravemannskapet frå Gaula graveservice AS var hjelpsame i innsamlingsarbeidet. Skjelettdelane var mellombels lagra i kjellaren i kyrkja, og gjengravlagd i strisekkar i enden av grøfta på slutten av den arkeologiske overvakinga. Staden for gjengravlegging vart målt inn med CPOS.

Det vart også grave i mindre område med bevarte etterreformatoriske kulturlag (kyrkjegardsjord). Forutan menneskebein var det også her etterreformatoriske funn. Det var ikkje sett kulturlag, funn eller strukturar som kunne tyde på in situ førreformatorisk aktivitet i sjølve grøftene.

Lausfunn frå mellomalder og etterreformatorisk tid i grøftemassane vil, med unntak av ei gravhelle, gå inn i NIKU si referansesamling. Sjå nærare skildringar om funna nedanfor.

Grøfter, lag, strukturar og funn vart dokumentert med foto og skildringar. <sup>14</sup>C-prøvar vart samla inn frå sannsynlege førreformatoriske kulturlag. Grøfter, viktige lag og funn vart målt inn med CPOS. Funn frå mellomalderen vart teke inn.

#### **4.1 Endringar av gravearbeidet i forhold til opphavelag søknad**

Undervegs i arbeidet vart det på fleire punkt i traséen oppdaga at ein måtte gjere endringar i gravearbeidet i forhold til det som opphavelag var søkt om hjå Riksantikvaren. Rett før ein skulle i gang med gravinga av dreneringsgrøfta vart det sendt ei endringsmelding til Riksantikvaren der ein ba om å få auke djupna på grøfta frå 0,4 til 0,6 meter fordi dimensjonane og djupna på brusteinane var større enn anteke ved søknadstidspunktet, og kunne kome i konflikt med det nye røret. Riksantikvaren ga løyve til dette på oppstartsdagen 26.08.2019.

På starten av traséen ved sørveggen av tårnet kom ein fort ned på fundamentsteinar, og ein måtte der flytte grøfta ut frå veggen 50-60 cm. Riksantikvaren vart varsla og ga munnleg løyve til dette.

Vest for Sunnivakapellet ligg eit betongdekke over ein del av kjellaren under kyrkja, og der måtte det avklarast nærare kvar grøfta eigentleg skulle gå. I søknaden var grøftetraséen teikna over betongdekket og inntil kyrkjeveggen. Traséen måtte endrast til å gå utanom betongdekket, og Riksantikvaren ga løyve til vidare graving 05.09.2019.

Ved fordrøyingskummen ved sørvesthjørnet til tårnet måtte det sendast inn endringsmelding om graveomfanget kring kummen. Det vart der gjeve løyve av Riksantikvaren 26.09.2019 til å grave ytterlegare ca. 30 cm under botnen av eksisterande kum for å kome betre til røret som kummen skulle koplast på, og ein diameter på ca. 0,6 meter ikring.

Traséen for dreneringsgrøfta dreiar nordover i Vår Frue gate aust for kyrkja. Etter søknaden skulle ein der grave dreneringsgrøfta ut til i eksisterande, kommunal VA-grøft. Dette viste seg å ikkje la seg gjennomføre, da dei eksisterande røra i denne grøfta låg høgt oppe i grøftemassane.

Dreneringsgrøfta vart dermed lagt rett på utsida mot vest for det ein antok var VA-grøfta, og det vart grave eit stykke nordover før arkeolog i NIKU vart varsla om omlegginga. Gravearbeidet vart da stoppa av NIKU inntil ein kunne få avklart omlegginga og den vidare gravinga med Riksantikvaren.


Det vart gjennomført eit felles møte og synfaring mellom NIKU, tiltakshavar Kyrkjeleg fellesråd i Trondheim, entreprenør og WSP Engeneering AS 07.10.2019 der ein kom fram til ei løysing. I løysingsforslaget skriv WSP Engeneering AS at den eksisterande, kommunale VA-grøfta viste seg å

ligge på den austre sida av gateløpet til Vår Frue gate, mens det i søknaden var søkt om inngrep i vestre del. Å grave fram til austre side innebar å krysse røra i vestre del, som er trekkerør for data og straum, fjernvarmerør og høgspentkabel. Dette er risikable å grave under. Løysinga vart difor å fortsette å fylgje røyrtaséen på vestre side, og grave så smalt og grunt som mogleg. Ca. 4 meter frå fortauskanten til Kongens gate kryssar trekkerøra inn mot kyrkja, og ein kunne heller ikkje her legge drenerør over. Dei hadde vorte liggande for grunt. Dei måtte leggest under, og derifrå skrå grøfta nærare midten av gateløpet for å unngå kulturlag. Ca. ein meter frå fortauskanten kunne ein byrje å grave seg djupare ned frå 50 centimeter til ca. 2 meter djupne der ein kunne kople seg på den kommunale kummen. Riksantikvaren godtok løysinga 09.10.2019, og ein fylgde denne framgangsmåten i det vidare arbeidet.

## 5 Resultat

Dreneringsgrøfta starta frå kummen ved det sørvestre hjørnet av tårnet til Vår Frue kyrkje, og gjekk heile vegen langs sørveggen til kyrkja inkludert i vinklane til austenden av koret. Grøfta gjekk der vidare austover ut i Vår Frue gate, og knekte deretter nordover mot kummen i Kongens gate.

Den arkeologiske overvåkinga har resultert i dokumentasjon av omrota kulturlag og intakte etterreformatoriske kulturlag i grøftetraséen. Det var etterreformatoriske funn i massane gjennom mesteparten av grøfta. Det var også enkelte mellomalderske lausfunn. Ei mellomaldersk gravhelle er levert til NTNU Vitskapsmuseet. I den austre enden av grøfta i Vår Frue gate/Kongens gate kom det fram antekne mellomalderske kulturlag i profilen, og det vart teke ut fire prøver til <sup>14</sup>C-datering. Disartikulerte skjelettrestar vart funne gjennom heile grøfta.



**Figur 3: Kart over tiltaksområdet og innmålte funn, profiler og gjengravlagte sjelettdelar.**

## 5.1 Kulturlag og funn

Den arkeologiske overvakinga har i hovudsak gått føre seg i forstyrra massar etter tidlegare gjennomførte tiltak ved Vår Frue kyrkje, slik som installering av nytt lynvernanlegg i 1997 (TA 1997/9) og bygging av utvendig toalettanlegg i 2007 (TA 2007/8). Det var gjort enkelte mellomalderske lausfunn i dei forstyrra massane, og det var det påvist ei søyle med intakte, mellomalderske kulturlag. Tiltaket har rørt ved enkelte søyler av relativt intakte etterreformatoriske kulturlag. Kulturlaga er tolka som etterreformatoriske basert på funna (i hovudsak raud og gul tegl samt keramikkskår) i laget.

Dei mellomalderske lausfunna er forskjellige keramikkskår, golvfliser og ei gravhelle. Det er også mellomalderske bygningssteinar. Forutan gravhella blir ikkje funna teke inn i NTNU Vitskapsmuseet sine samlingar eller registrert i Musit gjenstandsdatabase, sidan dei manglar sikker kontekst. Funna går inn i NIKU si referansesamling.

### 5.1.1 Funn aust for koret

I grøfta aust for koret var det eit skår av engelsk Bransbygods (BRAN) frå 1200-talet. Det var også eit mogleg tysk/sørskandinavisk raudgodsskår (GERR) frå 16-1700-talet, krittpipefragment og ein mogleg eldflint.

Det er påvist ei søyle av mellomalderske kulturlag (Intrasis-id. 4128) i ein avgrensa del av profilen nordaust i grøfta Vår Frue gate-Kongens gate. Det som skiljer desse laga frå dei etterreformatoriske laga er fråveret av tegl og etterreformatoriske keramikkskår, og generelt fråveret av funn slik som det var synleg i profilen. Det var difor vald å datere desse laga, som ga resultat til perioden vikingtid-mellomalder og mellomalder.



Figur 4: Foto av kulturlagsøyla bevart i søre profil av kabel-, rør- og kummegrøft i den sørlege kanten av Kongens gate/nordleg ende av Vår Frue gate. Det er identifisert 12 lag mellom topplaget og naturlig undergrunn. Lag med uttak til  $^{14}\text{C}$ -datering er utheva med raudt. Dateringane har gjeve resultat til overgangen vikingtid-mellomalder og mellomalder. Foto: Da62838\_057.



Kulturlaga var bevart i den sørvestre-søraustre profilen i enden av grøfta med ein utstreknad på ca. 0,5 meter, og i den nordaustre-søraustre profilen i nord-sørgåande grøft i ein utstreknad på ca. 0,8 meter. Dateringa UBA-42187 frå det øvste kulturlaget under topplaget i den søre profilen har gjeve resultatet 1182 (95,4 %) 1267 calAD (IntCal 13 atmospheric curve, Oxcal v. 4.3.2, Bronk Ramsey 2009) (KP1, sjå figur 4). Dette var eit omrota brannlag, men med ein intakt del der trekol vart teke ut til datering. Toppen av laget ligg på ca. 0,7 meter under overflata.

Neste kolprøve vart teke frå ei kollinse med topp ca. 1 meter under overflata (KP 2, sjå figur 4). Det låg plankerestar i kollinsa, og dette vart tolka som eit mogleg golv. Tre vart teke ut til datering. Dateringa UBA-42188 fekk resultatet 1031 (95,4 %) 1168 calAD (IntCal 13 atmospheric curve, Oxcal v. 4.3.2, Bronk Ramsey 2009).

Dei to siste kolprøvene vart teke ut frå lag tolka som dyrkingslag, og trekol vart teke ut til datering. Det eine laget var ei humushaldig sandlinse med mykje trekol, og med topp ca. 1,2 meter under overflata (KP 3, sjå figur 4). Dateringa UBA-42189 vart 1042 (38,2 %) 1215 calAD, 1117 (57,2 %) 1218 calAD (IntCal 13 atmospheric curve, Oxcal v. 4.3.2, Bronk Ramsey 2009).

Det siste dyrkingslaget og det nedste laget over steril grunn, grå humushaldig sand med topp ca. 1,3 meter under overflata (KP 4, sjå figur 4), hadde dateringa UBA-42190 1026 (95,4 %) 1163 calAD (IntCal 13 atmospheric curve, Oxcal v. 4.3.2, Bronk Ramsey 2009). Sjå ellers vedlagte dateringskurver i vedlegg 4.

Denne kulturlagssøyla kan truleg sjåast i samanheng med kulturlagsområdet påvist litt lengre aust i Tordenskioldparken. Ein påviste der eit brunsvart og kolhaldig kulturlag tolka til å stamme frå bybrannen i 1681 (TA 2016/12). Eldre lag kan vere intakte under. Dateringsresultata frå Vår Frue gate/Kongens gate nemnt ovanfor viser til jordbruksaktivitet i førhistorisk tid ved at det eldste dyrkingslaget kan gå attende til slutten av vikingtida, men i hovudsak viser kulturlaga til aktivitet i overgangen vikingtid-mellomalder og mellomalder.

Kulturlaga svarar på problemstillinga om det er intakte mellomalderske kulturlag i tiltaksområdet, men i eit avgrensa omfang på 0,5 x 0,8 meter aust for Vår Frue kyrkje. Kulturlaga sin karakter tydar, ut frå dei yngre laga brannlag og moglege golvrestar, på konstruksjonar av treverk reist over eldre dyrkingslag på staden. Det kunne ikkje påvisast spor etter førhistorisk busetnad i denne kulturlagssøyla, slik som det er påvist lengre vest på Torvet.

Dei tre nedste kulturlaga med dateringar til 1031-1168 calAD, 1042-1107 calAD 1117-1218 calAD 1215 cal AD og 1026-1163 cal AD viser til aktivitet i overgangen vikingtid-mellomalder. Dei kan vere eldre enn ei eventuell tidleg kyrkjebygging på staden, samstundes som dei kan gå opp i tidleg mellomalder og det ein kan anta var ei aktiv periode med kyrkjebygging/kyrkjeleg aktivitet og eventuell bruk av området som kyrkjegard. Det øvste brannlaget frå 1182-1267 calAD fell i heilskap innanfor høgmellomalderen.

### 5.1.2 Funn sør for skipet

I grøfta sør for skipet var eit keramikkskår, tysk Blaugrau Paffrath, frå 11-1200-talet, og eit skår av steingods frå Raeren i Belgia eller tysk Langerwehe steingods (RAER/LANG) som kan vere frå 1400-talet. Det var også ei golvflis av mogleg nederlandsk «slip-coated» raudgods (DUSC), med mogleg datering til seinmellomalderen. Det var i tillegg ei sannsynleg mellomaldersk golvflis av ukjend

opphev. Etterreformatoriske funn var keramikkskår av nederlandsk raudgods (DUTR) frå 16-1700-talet, eit keramikkskår av mogleg tysk/sørskandinaviske raudgods (GERR) frå 1600-talet, keramikkskår av «slip-coated» raudgods (SCRW) frå 1800-talet. Det var også lokal keramikk i form av skår av trønderkeramikk (TRON) med mogleg datering til 1800-talet og skår av trønderkeramikk med påmåla dekor (TRSL), også med mogleg datering til 1800-talet. I tillegg var det taksteinsfragment, krittpepefragment og østersskal.

I dei omrota massane i grøftene var det også nokre bygningsteinar. Steintypar og periode (mellomalder) er vurdert av Øystein Ekroll ved Nidarosdomens Restaureringsarbeider (NDR). Dette var ein grønskifer, sekundærbrent og kanskje frå ein trekløverboge. Det var også to marmorsøylefragment. Marmoren stammar frå Almenningøya utanfor Fosen. Steinen er veldig fint slipt, og kan kanskje ha høyrte til ein portal.



**Figur 5: Grønskifer frå grøftemassane ved Vår Frue kyrkje. Steinen har hogde kantar, den eine spesielt fint hogd og bøygd. Steinen kan stamme frå ein trekløverboge. Foto: Da62838\_080.**



**Figur 6: Marmorsøylefragment frå grøftemassane ved Vår Frue kyrkje. Marmoren stammar frå Almenningøya ved Fosen. Fragmenta er veldig fint slipt, og kan stamme frå ein portal. Foto: Da62838\_081.**

### **5.1.3 Gravhella frå mellomalder**

Fragment av ei steinhelle med og utan innskrift dukka opp i lausmassane på ca. 45 centimeter djupne. Resten av sjølve hella låg på ca. 60 centimeter dybde, og ca. 1,2 meter frå muren til kyrkja og sør for sørportalen i koret (Intrasis-id 4089). Den låg i litt hellande terreng med helling mot sør. Steinhella vart tolka som ei gravhelle.

Forskar Øystein Ekroll ved NDR bestemte steinen i hella til marmor, og at den sett ut frå bokstavtypane majusklane i innskrifta kan daterast til 12-1300-talet.

Steinhella kan stamme frå ei grav inne under golvet i Vår frue kyrkje eller frå kyrkjegarden, og den har truleg vorte redeponert som dørhelle eller som ein del av hellelegging kring sørportalen i koret i etterreformatorisk tid. I området kring gravhella var det fleire steinar, spesielt mot aust.



**Figur 7: Tre av fragmenta til gravhella med innskrift. Fire fragment med innskrift og andre fragment utan innskrift låg laust i massane på ca. 45 centimeter djupne. Sjølve hella låg på ca. 60 centimeter djupne. Foto: Da62838\_028.**



**Figur 8: Gravhella etter framrensing sett mot nordaust. Hella låg svakt hellande mot sør. Mindre steinar låg i området rundt. Ei slags hellelegging? Sørportalen i koret bak. Foto: Da62838\_033.**

Den totale lengda til gravhella var ca. 1,10 meter. På den breiaste målte den ca. 0,6 meter. Hella framstod med eit heilt og uspalta fragment mot aust. Midtdelen var knekt i mindre fragment, og avspalta frå undersida av hella. Delen mot vest bestod av ca. tre avspalta fragment som høyrde til

undersida av hella, og mangla dei avspalta delane over. Fleire fragment låg i massane rundt, og alle vart samla inn saman med gravhella.



**Figur 9: Gravhella etter framrensing sett mot nord. Bak ser ein dørhella ved sørportalen i koret. Foto: Da62838\_030.**

Forskar i norrøn filologi Elise Kleivane ved Universitetet i Oslo har studert innskrifta på steinfragmenta saman med kollega Johan Bollaert, og kome fram til denne tolkinga av innskrifta (Kleivane pers.medd.):

[ :K ] I [ K ] V [ : ] .  
[ D ] : HA ( N ) S

Det som står i [ ] er usikkert. Det som står i ( ) er ei oppløyst forkorting, det står ein forkortingsstrek over A.

Kleivane skildrar at begge linene er brotne av i venstre og høgre kant, i leseretninga. Øvste lina er broten av slik at øvre delen av bokstavane manglar, og den nedste lina er broten av slik at det nedste av bokstavane manglar. Ingen av bokstavane er bevarte heile, og dei kan derfor lesast berre med ulik grad av usikkerheit. Bokstavane har truleg vore om lag 9-10 cm høge. Sekvensen HA(N)S i andre lina kan reknast som sikker. I første lina reknast I og V for sikre, V meir enn I. Lesinga av I blir styrka av at det kjem konsonant K/R før og etter.

Det som er tolka som ein D, kan òg vere ein annan bokstav med forkortingsteikn over (da helst forkorting for -us, eller kanskje for -ir/-er).

K er usikre bokstavar i fyrstelina, desse kan også vere R. K er føreslått fordi det ikkje er urimeleg med tanke på at innskrifta høgst sannsynleg er på norrønt, jf. "hans". Dersom begge linene har hatt om lag lik bokstavhøgde, så ser bogen på K/R ut til å skulle møte hovudstaven lengre ned enn i full høgde (det ser ut til å vere ein K med same form som K-ane i innskrifta på veggen på utsida av Vår frue kyrkje

(som er den vanlege K-forma i majuskelinnskrifter). Til slutt i første lina er det spor etter noko, men ein kan ikkje slå fast kva, dette er markert i tolkinga av innskrifta med ein «.». Ein kan gjette på ordet "kirkiu" på fyrstelina (i forkorta form KIR(KI)V eller KI(R)K(I)V, «kyrkja»). Eller det kan vere "ríkum", altså "riket/veldet".

Kleivane meiner at det ikkje er sikkert at dette er fragment av ein gravstein. Det er ikkje bevart nok av steinen eller innskrifta til å slå dette fast. Ho stiller seg tvilande til om fragmenta med innskrift høyrer saman med dei andre gravsteinsfragmenta. Dersom dei likevel høyrer saman, så var fragmenta med innskrift sannsynlegvis orientert 180 gradar feil veg sett i forhold til andre gravsteinar og plasseringa av innskrift. Dersom det er innskrift på ein gravstein, og den fyrste bokstaven i andre lina er D, kan ein føreslå ei gjetting på «ønd hans», altså «hans sjel».

## 5.2 Skjelettmaterial og kyrkjegard

Heile grøfta går innanfor det som er kjend av kyrkjegarden til Vår Frue kyrkje (Lunde 1977:54-55; TA 1973/4; TA 1995/20; TA 1996/5; TA 2007/08; TA 2016/12), noko overvakinga også bar preg av i form av mange disartikulerte skjelettdelar som vart samla opp i to striesekkar, og mellombels lagra i kjellaren under Vår Frue under arbeidet. Ved slutten av arbeidet vart sekkane med beina gjengravlagt i den djupe enden av grøfta ved Kongens gate, på cirka 1 meter djupne under overflata (Intrasis-id. 4143, 4144).

Totalt vart det registrert sju delvis intakte kranium og cirka 30 kraniefragment. Det var cirka 12 fragment av underkjever. Delar av bekken, ribbein, diverse leddkular og ein del uidentifiserbare beinfragment vart observert. Det vart registrert cirka 15 lårbein. Skjelettdelane kan stamme frå heile tidsrommet kyrkjegarden var i bruk, frå mellomalderen til nedlegginga i 1840. Dei kan også stamme frå gravlegging under golvet i kyrkja, dersom massar frå grunnen under kyrkja har vore grave opp i samband med kjellaren under kyrkja. Skjelettdelane vart ikkje vurdert av osteolog.

Det vart ikkje påvist intakte graver i samband med denne overvakinga. Det er sannsynleg at intakte graver ligg djupare enn gravedjupna for tiltaket, 0,6 meter, i dette området. Eventuelle tidlegare intakte, gruntliggande graver kan også ha vorte forstyrta i grunnen nær kyrkja.

Som tidlegare nemnt mista Vår Frue kyrkje nesten heile delen av kyrkjegarden på nordsida ved anlegginga av Kongens gate etter bybrannen i 1681, og to eigedomar på austsida av kyrkja vart kjøpt og lagt ut til kyrkjegard (TA 2016/12). Kulturlaga frå mellomalderen i Vår Frue gate-Kongens gate kan dermed tyde på at kyrkjegarden ikkje strekte seg så langt aust i mellomalderen. I samband med dette er det ein interessant observasjon at kulturlaget endra karakter i den vestre profilen av grøfta omtrent halvvegs sett ut frå breidda på korveggen til kyrkja, og utover hellinga mot Kongens gate. Kulturlaget vart kompakt og grushaldig, mot fast og humushaldig lengre sør. Det vart også markant mindre mengde funn og skjelettdelar (sjå også kapittel 5.5.5).



Figur 10: Den totale mengda av disartikulerte skelettrestar som vart samla saman frå grøftene ved Vår Frue kyrkje. Foto: Da62838\_062.

### 5.3 Fundamenta til Vår frue kyrkje

Dreneringsgrøftene hadde skrånande kant inn mot veggmurane til kyrkja, for å unngå å gjere eventuell skade på nedre del av veggmur/toppen av fundamenta. Desse vart dermed ikkje heilt avdekka. Stadvis avdekka ein sokkelen/øvre del av fundamentet for hand.



Figur 11: Grøftekanten inntil veggmurane var skrånande for å beskytte nedre del av veggmur og øvre del av fundament. Fotoet viser grøfta langs skipet vest for Sunnivakapellet. Foto: Da62838\_018.

Ved tårnet i vest låg det tjukke steinheller rett ved sørre veggmur berre under eit tynt lag med grus. Steinhellene kan vere ein øvre del av fundamentet til tårnet. Tårnet vart bygd i perioden 1739-1742, som nemnt ovanfor (Lysaker 2007:111-116).



**Figur 12: Sokkel/fundament ved sørveggen til tårnet. Foto: Da62838\_016.**

Ved 1600-talsdelen av skipet kunne ein sjå gul teglstein i murverket i nedre del av veggmuren. Dette ligg på ein sokkel av tilhoggen stein, og under denne mindre steinar.





**Figur 13: Murverk av gul tegl over sokkel av tilhoggen stein og mindre fundamenteringssteinar i sørveggen til 1600-tals delen av skipet. Foto: Da62838\_020.**



**Figur 14: Sokkel ved sørveggen av mellomalderdelen av skipet. Foto: Da62838\_022.**

I mellomalderdelen av skipet og koret kunne ein sjå sokkelen nedst på veggmuren over hoggen stein, og skimte mindre steinar under.



**Figur 15: Sokkel/øvre del av fundament ved sørveggen til mellomalderdelen av skipet. Foto: Da62838\_045.**



**Figur 16: Sokkel/øvre del av fundament ved sørveggen til koret frå mellomalderen. Foto: Da62838\_048.**

Det var ikkje sett massar i dreneringsgrøfta som kunne knytast til ei fundamenteringsgrøft langs med kyrkja. I fylgje Ekroll (1997:76) er desse grøftene grave breiare enn muren, ofte 1,5 meter breie og djupe. Dei er fulle av stein stabla lagvis. Sannsynlegvis gjorde gravedjupna til tiltaket på ca. 0,6 meter at ein ikkje kom i berøring med fundamenteringsgrøftene til Vår Frue kyrkje.

## 5.4 Topografiske forhold

Vår Frue kyrkje ligg på ein høgderugg i landskapet, men det er få målingar av den naturlege undergrunnen i området. I grøfta kom ein ned på den naturlege undergrunnen på to punkt ved Vår Frue kyrkje, eitt punkt i vest ved tårnet og eitt i nordaust i enden av grøfta i Kongens gate. Ved den sørlege veggen av tårnet var ein nede på naturleg undergrunn i den sørvestre-søraustre profilen av sjakta. Undergrunnen (Intrasis-id T4072) bestod av gulgrå, sandblanda grus og toppen låg på 0,4 – 0,6 meter under dagens overflate. Dette er cirka 10,1 – 10,4 meter over havet. Undergrunnen steig mot vest. I enden av grøfta i Kongens gate var toppen av undergrunnen (Intrasis-id T4127) på 1,35 meter under dagens gatenivå. Dette er cirka 8,6 meter over havet. Undergrunnen bestod av gulgrå sand.

## 5.5 Skildring av dreneringsgrøft og lag



**Figur 17: Oversiktsbilete av nedre del av tårnet, toalettanlegget og skipet fram til Sunnivakapellet før gravinga av dreneringsgrøfta starta. Drengrøfta går frå kummen nedst i venstre hjørnet av biletet. Foto: Da62838\_002.**

### 5.5.1 Grøfta ved sørveggen til tårnet

Grøfta langs sørveggen til tårnet vart flytta noko ut frå veggen på grunn av fundamentet til tårnet.

Topplaget ved tårnet var grå grus i 10 – 17 centimeter djupne. Under dette kom eit omrota, mørkebrunt kulturlag blanda med grus ned til 26 – 28 centimeter under overflata. I laget var det tegl, kalkmørtel og litt skjelettrestar. Deretter eit mørkebrunt kulturlag også med tegl, kalkmørtel og skjelettrestar. Dette låg på ca. 36 – 40 centimeter djupne, og var tolka som eit etterreformatorisk lag basert på funn i laget. Nedst kom ein ned på naturleg undergrunn, gulgrå, sandblanda grus (sjå ovanfor).

Kalkmørtelen kan stamme frå bygging og/eller vedlikehald av tårnet. Tårnet var tidlegare kvitkalka (Lysaker 2007:116).

Ved kummen på sørvestre hjørnet av tårnet måtte holet rundt kummen utvidast i forhold til dei opphavelige dimensjonane, for å kome betre til røyret. Omkrins vart cirka 0,6 meter, og total djupne cirka 0,9 meter. Ned til røyret var det omrota kulturlag beståande av brun til mørkebrun, grusblanda sand. Cirka 0,8 meter under overflata kom eit kulturlag beståande av siltblanda sand med mørtel, gultegl, trekol og treverk.



**Figur 18:** Framgraving av kummen ved sørvesthjørnet til tårnet, kummen er under fiberduken i høgre hjørnet av biletet. Ein mørtelkonsentrasjon kom fram i kulturlaget. Foto: Da62838\_014.



**Figur 19:** Sørøst-sørvestprofil i grøfta ved tårnet sin sørvegg. Dette var ein av få stader ein kom ned på naturleg undergrunn ved Vår Frue kyrkje, den gulgrå, sandblanda grusen nedst i profilen. Kulturlaga er i hovudsak forstyrra av tidlegare gravingar i samband med lynvernlegg (kabelen synleg ved tommestokken) og kummen (utanfor biletet i nedkant). Foto: Da62838\_011.

I den sørlege delen av vestenden av grøfta kom det fram ein steinkonstruksjon i det mørkebrune kulturlaget på 47 centimeter djupne under overflata. Toppen av den høgaste steinen låg ca. 30 centimeter under overflata. Det var ca. 9 steinar i ein konsentrasjon med målet 45 x 50 centimeter, den eine steinen var ein dels forvittra kleberstein. Steinane danna ei ca. avrunda, rektangulær form. Funksjonen er usikker, men det kan til dømes vere skoningsstein til ein stolpe. Steinane gjekk godt ned i kulturlaget, som er tolka som etterreformatorisk kulturlag basert på funna i laget. Funna var keramikkskår, glasskår, skjelettrestar, korroderte naglar og ei bøyle som kan stamme frå likkiste (handtak?). Steinkonstruksjonen vart ikkje rørt i det vidare arbeidet, og ligg intakt på staden.



**Figur 20: Steinkonstruksjon i den sørlege delen av vestenden til drenggrøfta. Sett mot sør. Eit lagskilje i plan rett vest for steinkonstruksjonen. Foto: Da62838\_012.**

Sørvest-søraustprofilen i denne delen av grøfta viste under topplaget ljøsgrå sandblanda grus (20-22 centimeter i tjukkeleik) eit samanblanda lag av sandblanda grus og tørt, mørkebrunt og humushaldig lag (20 – 28 centimeter under overflata). Deretter kom det mørkebrune kulturlaget med linser av sand/grus og kalkmørtel. Kalkmørtel og moglege skoningssteinar til stolpe kan relaterast til bygge- eller vedlikehaldsaktivitet i vestenden av kyrkja.

Rett vest for steinkonstruksjonen er det synleg eit lagskilje i plan mellom det mørkebrune kulturlaget, og eit ljøsbrunt, sandhaldig kulturlag. I dette laget var det kolspettar, tegl, naglar og skjelettrestar. Laget fortsatte innover i profilen mot sør og vest. Toppen av dette laget var 20 centimeter under overflata.



**Figur 21: Oversikt over grøfta ved sørveggen til tårnet. Steinkonstruksjonen ligg intakt under fiberduken. Kablane høyrer til lynvernanlegget kring kyrkja. Foto: Da62838\_017.**

### 5.5.2 Grøfta langs nybygget toalettanlegget - Sunnivakapellet

Langs vestveggen til toalettanlegget, var topplaget kompakt grus i 10-15 centimeter djupne. Deretter kom omrota massar av brun og mørkbrun grusblanda sand i ca. 60 centimeter djupne. I dette laget var det tegl, disartikulerte skjelettdelar, keramikkrfragment, mørtel og bygningsstein. Basert på funna



**Figur 22: Sørvestre hjørne av dreneringsgrøfta ved tårn-toalettanlegget til Vår Frue kyrkje, der grøfta går austover. Under topplaget var eit mørkebrunt kulturlag. Laget vart tolka som etterreformatorisk basert på funna i laget. Foto: Da62838\_006.**

var laget tolka som etterreformatorisk. Frå det sørvestre hjørnet av toalettanlegget og austover framstod dette laget som mindre forstyrta, og det var ein del disartikulerte skjelettdelar i massane, spesielt ned mot 50 – 60 centimeter djupne. Det var også restar av treplankar og korroderte naglar i laget, som kan stamme frå byggeaktivitet og/eller likkister. Laget låg djupare under overflata her enn

lengre vest, 10 – 30 centimeter. Rør frå nybygget kryssa grøfta. Skjelettrestar, inkludert eit kranium, låg redeponert aust for røra truleg i samband med denne grøfta.

Det mørkebrune laget strekkjer seg austover til ca. den austre enden av nybygget. Langs langveggen av skipet er laget under topplaget torv brun, laus og tørt humus med mykje røter. Til samanlikning er det mørkebrune laget mykje meir organisk enn den brune humusen. Det var enkelte linser av den mørkebrune grusblanda sanda. Det låg mykje tegl og bygningsstein i humuslaget, i tillegg til mørtel. Dette kan stamme frå bygginga av 1600-tals delen av skipet eller seinare vedlikehald/reparasjonar. Ein observerte mindre mengder skjelettrestar her enn lengre vest.



**Figur 23: Grøfta ved sørveggen til skipet, sett frå mellomalderdelen av skipet og vestover. Ein del av sokkelen til mellomalderskipet er grave fram. Foto: Da62838\_010.**

### 5.5.3 Grøfta Sunnivakapellet – koret

I vestre hjørnet mellom skipet og Sunnivakapellet ligg eit betongdekke. Grøfta vart grave på utsida av dekket. Rett sør for betongdekket kom det fram ei steinlegging, som truleg har samband med muren under betongdekket. Steinlegginga kan til dømes fungere som oppstøtting til muren.

Under torva var det tørt, laus humus med tegl og bein. I botnen av grøfta på ca. 0,6 meter djupne var det gulbrun, sandblanda grus. Dette var truleg naturleg undergrunn. Kablar kryssa grøfta frå vest og nordaust inn mot Sunnivakapellet. Ein kabel går også vidare langs/inni den søraustre profilen i dreneringsgrøfta.



**Figur 24: Dreneringsgrøfta ved betongdekket og Sunnivakapellet sett mot aust. Ein ser ei steinlegging ved muren under betongdekket. Kablar kryssar grøfta. Foto: Da62838\_078.**

Langs den austre langveggen til Sunnivakapellet hadde ein brun sand under topplaget torv/grus i profilane, ca. 15 centimeter i tjukkeleik. Det mørkebrune kulturlaget var også tilstades i profilane, frå ca. 18 centimeter djupne under overflata. I dette laget låg det gul og raud tegl og bygningsstein. Det var også skjelettrestar i laga. Ein kabel gjekk nord-sør på langs av heile grøfta her.

Vidare austover langs til austenden av skipet var det ljósbrun sand under torvlaget, og mørkebrunt kulturlag (siltsand) kom på ca. 0,4 meter djupne under overflata. Det var etterreformatoriske funn, som til dømes raud tegl i laget. Det var jamnt med disartikulerte skjelettrestar i massane gjennom grøfta. Ein kabel gjekk langs med heile den søre profilen til grøfta.

Ein steinstruktur kom til syne rett aust for søraustre hjørnet til skipet. Dette var steinar dels satt på kant i grunnen og med eit ope holrom i midten. Struktura låg i det mørkebrune kulturlaget, og vart på dette grunnlaget tolka som ein etterreformatorisk struktur, kanskje eit stolpefeste til stillas til dømes ved vedlikehald av kyrkja. I massane kring struktura var det mørtel og raudtegl. Struktura låg på 0,6 meter djupne, og steinane måtte fjernast for nedlegging av dreneringsrøyr.





Figur 25: Steinstruktur frå etterreformatorisk tid ved det søraustre hjørnet til skipet. Foto: Da62838\_027.

#### 5.5.4 Grøfta koret – Vår Frue gate

Massane i denne grøfta var dei same som langs den austre delen av skipet. Sør for sørportalen i koret kom gravhella frå mellomalderen fram (sjå kapittel 5.1.3 ovanfor). Kring denne låg også mindre steinar/heller mot vest og aust. Det kan vere ei hellelegging i samband med denne inngangen i koret. Steinane låg på ca. 0,6 meter djupne, og er tolka som ein etterreformatorisk struktur.

Området rett nord for gravhella vart ikkje grave fram, da dette var dekt av ei faststøyt dørhelle framfor inngangen.



**Figur 26: Stein/hellelegging rett aust for funnstaden til gravhella, som her er lagt opp på ei plate på dørhella framfor sørportalen i koret (oppe til venstre). Foto: Da62838\_043.**

Frå koret sitt søraustre hjørne og austover mot Vår Frue gate framstod kulturlaga i grøfta meir intakt enn slik massane var i grøfta langs med kyrkjebygningen. Laga inneheld raud og gultegl, mørtel og ein spikar/nagle. Toppen av det øvste kulturlaget (mørkbrun-svart siltsand) låg 0,35 meter under overflata. Under dette eit grått lag av siltsand ca. 0,45 meter under overflata, som inneheld kol, grus og tegl. Deretter eit gråkvitt lag av siltsand 0,5 meter under overflata, som inneheld mykje mørtel og litt grus og småstein. Det nedste laget i profilen låg ca. 0,55 meter under overflata, og var eit brunsvart, grusblanda sandlag. Desse kulturlaga hadde ein utstrekning på ca. 2,7 meter i den nordre profilen av grøfta.

Dei siste metrane av grøfta før den møter Vår Frue gate og eksisterande infrastruktur i dette gateløpet var kulturlaget mørk brunsvart humushaldig siltsand med raud- og gultegl.

I massane i grøfta langs koret var det også jamnt med disartikulerte skjelettrestar, og det var spesielt mykje slike heilt i aust før grøfta møtte Vår Frue gate. Dette kan også ha samband med at denne delen av kyrkjegarden truleg er mindre forstyrret av nyare inngrep enn langs med sjølve kyrkjebygningen.

### **5.5.5 Grøfta Vår Frue gate – Kongens gate**

Frå Vår frue gate gjekk dreneringsgrøfta nordover mot Kongens gate. I Vår Frue gate går det frå tidlegare diverse infrastruktur, og dreneringsgrøfta måtte her leggast rett vest for eksisterande VA-grøft (sjå kapittel 4.1 ovanfor). Breidda på dreneringsgrøfta var ca. 0,5 meter, og djupna variererte mellom ca. 0,35 – 0,55 meter (0,7 meter med brusteinskanten). Den vestre kanten av VA-grøfta utgjorde den austre profilen til dreneringsgrøfta, og det er i hovudsak vestre profil som er dokumentert her.



**Figur 27: Dreneringsgrøfta aust for koret og i Vår frue gate. Foto Da62838\_078.**

Topplaget under brusteinskanten var omrota matjord og gulbrun grus i ca. 13 centimeter djupne. Under dette kom omrota gulbrun grus og subbus i ca. 8 centimeter djupne og eit ca. 6 centimeter tjukt lag subbus under dette igjen. Kulturlaget kom på ca. 0,4 meter djupne, og bestod av mørkbrun humushaldig sand. Kulturlaget inneheld menneskebein, treverk og små fragment av raudtegl. I kulturlaget var det også lange, smale lommer av gulbrun sand. Det nedste laget i profilen var eit sandhaldig kulturlag, mørkbrunt med gulbrun sand.



**Figur 28: Vestre profil i dreneringsgrøfta aust for koret og i Vår frue gate. Foto: Da62838\_076.**

I omtrentleg den søre halvdel av vestre profil var kulturlaget fast, mørkbrun humushaldig siltsand. Frå den nordre halvdel endrar kulturlaget karakter, og det blir kompakt og grushaldig, og bein og funn avtok i hellinga mot Kongens gate.

Dreneringsgrøfta gjekk på skrå nord-nordøstover mot Kongens gate. Her var massane i grøfta i hovudsak omrota på grunn av eksisterande kablar i Vår frue gate som skrådde mot nordvest der, men det var litt kulturlag tilstades (kompakt, grusblanda) i vestre profil. Kulturlaget vart lausare og tørrare nordover.



**Figur 29: Eksisterande kablar i Vår frue gate kryssar dreneringsgrøfta mot nordvest aust for koret. Foto: Da62838\_061.**

Mot den nordre enden av den skrånande delen av dreneringsgrøfta var det intakte kulturlag i austre profil ca. 0,5 meter under dagens gatenivå. Kulturlaga skilde seg frå kulturlaga ellers langs Vår Frue kyrkje og på kyrkjegarden. Kulturlaga var eins med kulturlaga i den søraustre-sørvestre profilen i enden av grøfta i Kongens gate, som er datert til vikingtid-mellomalder (sjå nærare skildringar av desse under kapittel 5.1.1 ovanfor).

I enden av dreneringsgrøfta i Vår frue gate/Kongens gate vart det grave eit større gravehol på grunn av at ein skulle kople dreneringsrøyrret med kum på ca. 2 meter djupne. Kantane til graveholet vart skrådde.

Massane i graveholet var omrota massar etter tidlegare inngrep i samband med kum og kablar. Profilen mot sør med kulturlag som nemnt datert til vikingtid-mellomalder var i hovudsak intakt, med unntak av traséen til grøfta.

I profilen mot nord i Kongens gate hadde ein under steinbrulegginga subbus og grusblanda sand ned til 0,6-0,8 meter under overflata. Under dette kom det kulturlag, som bestod av mørkebrun humushaldig sand. I kulturlaget var det ellers gultegl, kol, treverk og mørtel, og laget vart tolka til å vere etterreformatorisk kulturlag basert på nærveret av gultegl. Kulturlaget var truleg omrota, og det inneheld også menneskebein. Dette kulturlaget var tørrare enn kulturlaga i den søre profilen.

Naturlig undergrunn, gulgrå sand, kom under dette og låg på ca. 1,35 meter under overflata (Intrasis-id T4127).

Ved den nordaustre-søraustre profilen i graveholet låg det på ca. 1,8 meter djupne redeponerte skjelettrestar frå eit tidlegare høve.



**Figur 30: NA-SA-profil i enden av dreneringsgrøfta Vår Frue gate/Kongens gate, redeponerte skjelettdelar til venstre for tommestokken. Foto Da62838\_055.**

Alle innsamla skjelettrestar som var samla inn under gravearbeidet var samla i to striesekkar, og gjengravlagt i graveholet (figur 31).



**Figur 31: Graveholet i enden av dreneringsgrøfta i Vår frue gate/Kongens gate. Profilen med daterte kulturlag frå vikingtid-mellomalder er til venstre under høgspenkabelen. Dei innsamla menneskebeina frå dreneringsgrøfta vart gjengravlagt i striesekkar i graveholet. Foto Da62838\_063.**

## 6 Arkeologisk overvaking – oppsummering og konklusjon

I samband med graving for dreneringsgrøft langs Vår Frue kyrkje sin sørvegg og nord til krysset Kongens gate-Vår Frue gate, er det gjennomført ei arkeologisk overvaking av gravearbeidet. Grøfta si lengde var cirka 110 meter, og den var cirka 1,5 meter brei og cirka 0,6 meter djup. I den nordaustre enden av grøfta vart det grave eit større hol på cirka 2,6 x 2,7 meter og cirka 2 meter djupne. I den sørvestre enden var grøfta ned mot cirka 0,9 meter djupne. Overvakinga fylgde prosjektet si framdrift, og vart utført til og frå i perioden 26.08.-14.10.2019.

Vår Frue kyrkje er ei av Trondheim sine to ståande mellomalderkyrkjer, men det er liten arkeologisk kunnskap om kyrkjestaden. Overvakinga av grøfta langs kyrkja og på kyrkjegarden gav moglegheit til å undersøkje om mellomalderske kulturlag og intakte graver var til stades på området. Gravinga langs sørveggen til Vår Frue kyrkje gav også moglegheit til å undersøkje fundamentet til bygningen, og om ein kunne kome ned på kyrkja sine fundamenteringsgrøfter. Det var også aktuelt å undersøkje om det fanst spor etter førhistorisk busetnad innanfor tiltaksområdet, da dette tidlegare er påvist i nærliggande område. Ein hadde også liten kunnskap om dei topografiske forholda på kyrkjestaden. Kyrkja ligg på ein høgderygg, og det var aktuelt å få målingar av den naturlege undergrunnen.

I dreneringsgrøfta var det påvist etterreformatoriske kulturlag (tolka som kyrkjegardslag) og omrota kulturlag i hovudsak gjennom heile. Laga inneheld etterreformatoriske funn, men også enkelte mellomalderske funn som keramikkskår. Eit særskild gjenstandsfunn vart gjort i grøfta ved koret av ei mogleg gravhelle frå mellomalderen.

Det vart påvist ei søyle av mellomalderske kulturlag (Intrasis-id. 4128) i ein avgrensa del av profilen nordaust i grøfta Vår Frue gate-Kongens gate. C<sup>14</sup>-dateringar frå laga viste til aktivitet i overgangen

vikingtid-mellomalder (tolka som dyrkingslag og plankerestar-mogleg golv) og i høgmellomalder (tolka som brannlag). Spor etter førhistorisk busetnad vart ikkje påvist.

Gjennom det meste av dreneringsgrøfta vart det funne disartikulerte skjelettdelar, med unntak av hellinga ned mot Kongens gate. I graveholet i enden av grøfta vart det funne redeponerte skjelettdelar frå tidlegare. Skjelettdelane frå grøftemassane vart samla saman, og gjengravlagt i holet i enden av grøfta. Det vart ikkje påvist intakte graver i samband med denne overvakinga. Det er sannsynleg at intakte graver ligg djupare enn gravedjupna for tiltaket, 0,6 meter, i dette området. Eventuelt at gruntliggande graver nær kyrkjebygningen tidlegare har vorte forstyrra.

Toppen av fundamentet til Vår Frue kyrkje vart berre delvis avdekka under gravearbeidet. Dreneringsgrøftene hadde skrånande kant inn mot veggmurane til kyrkja, for å unngå å gjere eventuell skade på nedre del av veggmur/toppen av fundamenta. Stadvis avdekka ein sokkelen/øvre del av fundamentet for hand. Det var ikkje sett massar i dreneringsgrøfta som kunne knytast til ei fundamenteringsgrøft langs med kyrkja. Sannsynlegvis gjorde gravedjupna til tiltaket på ca. 0,6 meter at ein ikkje kom i berøring med fundamenteringsgrøftene til Vår Frue kyrkje.

To punkt av den naturlege undergrunnen ved kyrkja vart påvist i profilane i grøfta, eitt i sørvest ved tårnet og eitt i nordaust i krysset Kongens gate-Vår Frue gate. Ved tårnet var toppen av undergrunnen på cirka 10,1 - 10,4 meter over havet. I krysset Kongens gate-Vår Frue gate var toppen av undergrunnen på cirka 8,6 meter over havet.

## 7 Litteratur

Ekroll, Øystein 2007: Frå Mariukirkju til Vår Frue. I: Ekroll, Øystein og Rolf Grankvist (red.): *Vår Frue kirke. 800 år i byens hjerte*. Tapir akademisk forlag. S. 20-43.

Grankvist, Rolf 2007: Vår Frue som hovedkirke for handelsborgerstanden 1537-1818. I: Ekroll, Øystein og Rolf Grankvist (red.): *Vår Frue kirke. 800 år i byens hjerte*. Tapir akademisk forlag. S. 62-68.

Johannessen, Live og Jan-Erik G. Eriksson 2015: *Faglig program for middelalderarkeologi. Byer, sakrale steder, befestninger og byer*. Riksantikvaren 2015.

Lunde, Øivind 1977: *Trondheims fortid i bygrunnen*. Adresseavisens forlag. S. 54 – 212.

Lysaker, Trygve 2007: Vår Frue kirke etter bybrannen i 1681 og fram til det definitive tårn i 1742. I: Ekroll, Øystein og Rolf Grankvist (red.): *Vår Frue kirke. 800 år i byens hjerte*. Tapir akademisk forlag. S. 87 – 116.

### Upublisert litteratur:

Reed, Ian: Uferdig rapport, arkeologisk utgraving ved Vår Frue kyrkje sin nordvegg. TA 1973/4. Riksantikvaren sitt utgravingskontor. NIKU.

Reed, Ian 1997: Graving for lynvernanlegg til Vår frue kirke. Arkeologisk rapport, TA 1997/9. NIKU distriktskontor Trondheim. Prosjektnummer 22266.

Booth, Annette Holst 1996: Kongens gate på strekningen Kjøpmannsgata – Nordre gate. Rehabilitering av vannledning m.fl. Arkeologisk rapport, TA 1996/5. NIKU distriktskontor Trondheim, prosjektnummer 22226, 22233, 22228.

Petersén, Anna og Lars Olav Repstad 2008: Vår Frue kirkegård, Vår Frue strete og Vår Frue gate, Trondheim. Arkeologisk undersøkelse i forbindelse med anleggelse av fjernvarmerør. Rapport. Arkeologiske utgravninger Trondheim. TA 2007/08. NIKU distriktskontor Trondheim.

Rullestad, Silje Sandø 2021: TA 2016/12 Tordenskioldparken, Trondheim. Arkeologisk undersøkelse i forbindelse med etablering av minnepark. *NIKU oppdragsrapport 77/2017*.

Steinshamn, Ragnhild 1995: Innberetning over arkeologisk undersøkelse i forbindelse med ny vannledning ved Vår frue kyrkje. Arkeologisk rapport, TA 1995/20. NIKU, Trondheim.

### Digitale ressursar:

Riksantikvaren 2021: *Askeladden – nasjonal database for kulturminne*.

Teikning av Vår Frue kyrkje frå 1773. Foto: Schrøder. Sverresborg Trøndelag folkemuseum. Inventarnummer FTTF.SCH.V.034336. [www.digitaltmuseum.no](http://www.digitaltmuseum.no) (Sist besøkt 17.03.2020)



## 8 Dokumentasjon

### Vedlegg 1 Fotoliste

Filnavn	Motiv	Strukturnr/Objektnr	Sett mot	LokalitetsID	Fotograf	Opptaksdato
Da62838_035.tif	Redeponert gravhelle ved sørveggen til koret		4089 N	85888	Kjersti Tidemansen	03.09.2019
Da62838_036.tif	Redeponert gravhelle ved sørveggen til koret		4089 N	85888	Kjersti Tidemansen	03.09.2019
Da62838_037.tif	Redeponert gravhelle ved sørveggen til koret		4089 A	85888	Kjersti Tidemansen	03.09.2019
Da62838_038.tif	Redeponert gravhelle ved sørveggen til koret		4089 V	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_039.tif	Redeponert gravhelle ved sørveggen til koret		4089 V	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_040.tif	Redeponert gravhelle ved sørveggen til koret		4089 V	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_041.tif	Redeponert gravhelle ved sørveggen til koret, opptak av gravhella i delar		4089 N	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_042.tif	Steinkonsentrasjon A for gravhella, sørveggen til koret		4073 V	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_043.tif	Steinkonsentrasjon A for gravhella, sørveggen til koret		4073 N	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_044.tif	Oversiktsfoto funnstad gravhelle		4073 NV	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_045.tif	Sokkel/fundament på den søre veggen av skipet, mellomalderdeien		N	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_046.tif	Gravhella plassert på treplate		4089 N	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_047.tif	Profilen aust for trappehella til portalinngangen, sørveggen til koret.		NV	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_048.tif	Sokkel/fundament på sørveggen til koret, mellom dei to dørene		N	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_049.tif	S profil i dreneringsgrøfta på sørveggen Sunnivakapellet - austenden av skipet		4098 SSA	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_050.tif	N profil i dreneringsgrøfta på sørveggen Sunnivakapellet - austenden av skipet		4098 N	85888	Kjersti Tidemansen	04.09.2019
Da62838_051.tif	Oversikt dreneringsgrøfta ved sørveggen, SA hjørne skip og ved koret		4073 NA	85888	Kjersti Tidemansen	05.09.2019
Da62838_052.tif	Oversikt dreneringsgrøfta langs sørveggen til koret		4073 NV	85888	Kjersti Tidemansen	05.09.2019
Da62838_053.tif	N profil i dreneringsgrøfta ved sørveggen til koret		4073 N	85888	Kjersti Tidemansen	05.09.2019
Da62838_054.tif	N profil i enden av dreneringsgrøfta Vår Frue gate/Kongens gate		4113 NA	85888	Kjersti Tidemansen	11.10.2019
Da62838_055.tif	NA-SA-profil i enden av dreneringsgrøfta Vår Frue gate/Kongens gate, redeponerte skjelettdelar		4113 A	85888	Kjersti Tidemansen	11.10.2019
Da62838_056.tif	Del av SA-SV-profil i enden av dreneringsgrøfta Vår Frue gate/Kongens gate		4113 S	85888	Kjersti Tidemansen	11.10.2019
Da62838_057.tif	Del av SA-SV-profil i enden av dreneringsgrøfta Vår Frue gate/Kongens gate		4113 S	85888	Kjersti Tidemansen	11.10.2019
Da62838_058.tif	Kulturlag i NA-SA-profil ved enden av dreneringsgrøfta Vår Frue gate/Kongens gate		4128 A	85888	Kjersti Tidemansen	11.10.2019
Da62838_059.tif	NV-SV-profil i N-S-gående dreneringsgrøft ved koret sin austvegg		4113 V	85888	Kjersti Tidemansen	11.10.2019
Da62838_060.tif	Situasjonen med rør og kablar mot enden av dreneringsgrøfta Vår Frue gate/Kongens gate		4113 N	85888	Kjersti Tidemansen	11.10.2019
Da62838_061.tif	Situasjonen med rør og kablar i dreneringsgrøfta ved koret sin austvegg		4113 S	85888	Kjersti Tidemansen	11.10.2019
Da62838_062.tif	Dei samla skjelettdelane frå dreneringsgrøfta			85888	Kjersti Tidemansen	11.10.2019
Da62838_063.tif	Gjengravlegging av skjelettdelane		4144	85888	Kjersti Tidemansen	11.10.2019
Da62838_064.tif	NV-SV-profil i dreneringsgrøfta ved austre langveggen til Sunnivakapellet		4098 V	85888	Kjersti Tidemansen	12.09.2019
Da62838_065.tif	Dreneringsgrøfta ved Sunnivakapellet		4098 N	85888	Kjersti Tidemansen	12.09.2019
Da62838_066.tif	Oversikt, gropa for kummen ved SV-hjørnet til tårnet		4056 N	85888	Kjersti Tidemansen	30.09.2019
Da62838_067.tif	NV-NA-profil i utvida grop for kummen ved SV-hjørnet til tårnet		4056 N	85888	Kjersti Tidemansen	30.09.2019
Da62838_068.tif	NA-NV-profil i dreneringsgrøfta rett A for SA hjørnet av koret		4106 N	85888	Kjersti Tidemansen	04.10.2019
Da62838_069.tif	Oversikt dreneringsgrøfta austover frå SA hjørnet av koret		4106 A	85888	Kjersti Tidemansen	04.10.2019
Da62838_070.tif	Steinsetting ved kjellaren under betongdekket		4090 N	85888	Kjersti Tidemansen	06.09.2019
Da62838_071.tif	Steinsetting ved kjellaren under betongdekket		4090 N	85888	Kjersti Tidemansen	06.09.2019
Da62838_072.tif	N-S-profil i dreneringsgrøfta ved betongdekket ved Sunnivakapellet		4090 V	85888	Kjersti Tidemansen	06.09.2019
Da62838_073.tif	Dreneringsgrøfta ved sørveggen til Sunnivakapellet, SV-SA-profil		4090 VSV	85888	Kjersti Tidemansen	06.09.2019
Da62838_074.tif	Dreneringsgrøfta ved sørveggen til Sunnivakapellet		4090 V	85888	Kjersti Tidemansen	06.09.2019
Da62838_075.tif	Dreneringsgrøfta ved betongdekket og Sunnivakapellet		4090 A	85888	Kjersti Tidemansen	06.09.2019
Da62838_076.tif	N-S-profil i dreneringsgrøfta ved austveggen til koret/Vår Frue gate		4113 NV	85888	Kjersti Tidemansen	08.10.2019
Da62838_077.tif	N-S-profil i dreneringsgrøfta ved austveggen til koret/Vår Frue gate		4113 V	85888	Kjersti Tidemansen	08.10.2019
Da62838_078.tif	Oversikt dreneringsgrøft ved austveggen til koret/Vår Frue gate		4113 N	85888	Kjersti Tidemansen	08.10.2019
Da62838_079.tif	Oversikt dreneringsgrøft ved austveggen til koret/Vår Frue gate		4113 NNV	85888	Kjersti Tidemansen	10.10.2019
Da62838_080.tif	Grøniskifer med hogde kantar frå grøftemassane ved Vår Frue			85888	Kjersti Tidemansen	08.12.2020
Da62838_081.tif	Fint slipte marmorsøylefragment frå grøftemassane ved Vår Frue			85888	Kjersti Tidemansen	08.12.2020

## Vedlegg 2 Utskrift frå tilvekstkatalogen, NTNU Vitskapsmuseet

N207340/1-5

**Kirkefunn** fra **middelalder** fra VÅR FRUE KIRKE, (400/11), TRONDHEIM K., TRØNDELAG.

1) **Gravhelle** av marmor. *Antall fragmenter: 56*

Gravhelle i marmor som består av ca. 56 biter og fragmenter. Mange er sammenhengende og danner to større deler av platen. Den ene sammensatte delen kan utgjøre 2/3 av platen. Hellen har trolig vært trapesformet. Nåværende dimensjoner på den største sammensatte delen som består av ca. 37 fragmenter er 47 - 58 cm bredde og 107 cm lengde. Den andre mindre sammensatte delen består av 4 deler og er 34 x 17 cm. På denne delen er det hugget inn skrift med gotiske majuskler, "ribv" og "H"? Dessuten er tre sirkulære groper hugget inn i den største sammensatte delen. Tykkelse på hellen er 11 cm. Gravhellen kan dateres til 12-1300-tallet.

2) **Prøve** (trekullprøve) av tre.

C14-prøve (UBA-42185). Resultat: cal AD 1182-1267.

*Fnr:* KP 1.

*Datering:* AD 1182-1267

Brannlag

3) **Prøve** (trekullprøve) av trekull.

C14-prøve (UBA-42186). Resultat: cal AD 1031-1168.

*Fnr:* KP 2.

*Datering:* AD 1031-1168

Kull med treverk, mulig gulvrest.

4) **Prøve** (trekullprøve) av trekull.

C14-prøve (UBA-42187). Resultat: cal AD 1042-1215.

*Fnr:* KP 3.

*Datering:* AD 1042-1215

Mulig dyrkingslag.

5) **Prøve** (trekullprøve) av tre.

C14-prøve (UBA-42188). Resultat: cal AD 1026-1163.

*Fnr:* KP 4.

*Datering:* AD 1026-1163

Mulig dyrkingslag.

*Funnomstendighet:* Arkeologisk utgravning.

F. ved arkeologisk overvåking i forbindelse med utbedring av dreussystem på sørsiden av Vår Frue kirke. Gravingen foregikk i etterreformatoriske masser og i hovedsak forstyrrede masser. En gravhelle fra 12-1300-tallet ble funnet i etterreformatoriske masser ved trappen til koret, og har muligens blitt gjenbrukt som dørhelle. Feltleder for undersøkelsen var Kjersti Tidemansen og prosjektleder var Silje Sandø Rullestad.

*Kartreferanse/-koordinater:* Projeksjon: EU89-UTM; Sone 33, N: 7034270,57, Ø: 569783,96.

*LokalitetsID:* 90288.

*Innberetning/litteratur:* Tidemansen, K. (in prep), NIKU oppdragsrapport. TA 2019/18 Arkeologisk overvåking i samband med utbetring av dreussystem på sørsida av Vår Frue kyrkje, Trondheim.

*Funnet av:* Silje Sandø Rullestad/NIKU.

*Funnår:* 2019.

*Katalogisert av:* Heidi Tangen Eriksen.

**Vedlegg 3 Dateringsrapportar, 14Chrono, Queens University Belfast**

NIKU  
NIKU  
Postboks 738  
Sentrum  
Oslo 0105  
Norway



<sup>14</sup>CHRONO Centre  
Queens University  
Belfast  
42 Fitzwilliam Street  
Belfast BT9 6AX  
Northern Ireland

**Radiocarbon Date Certificate**

Laboratory Identification: UBA-42187  
Date of Measurement: 2020-01-24  
Site: 1021490 Vaar Frue church  
Sample ID: KP1  
Material Dated: charcoal  
Pretreatment: AAA  
mg Graphite: 0.948  
Submitted by: Kjersti Tidemansen

Conventional	813±24
<sup>14</sup> C Age:	BP
	using
Fraction	AMS
corrected	δ <sup>13</sup> C

NIKU  
 NIKU  
 Postboks 736  
 Sentrum  
 Oslo 0105  
 Norway



<sup>14</sup>CHRONO Centre  
 Queens University  
 Belfast  
 42 Fitzwilliam Street  
 Belfast BT9 6AX  
 Northern Ireland

### Radiocarbon Date Certificate

Laboratory Identification: UBA-42188  
 Date of Measurement: 2020-01-15  
 Site: 1021490 Vaar Frue church  
 Sample ID: KP2  
 Material Dated: wood  
 Pretreatment: AAA  
 mg Graphite: 0.883  
 Submitted by: Kjersti Tidemansen

Conventional	918±24
<sup>14</sup> C Age:	BP
	using
Fraction	AMS
corrected	δ <sup>13</sup> C

NIKU  
 NIKU  
 Postboks 736  
 Sentrum  
 Oslo 0105  
 Norway



<sup>14</sup>CHRONO Centre  
 Queens University  
 Belfast  
 42 Fitzwilliam Street  
 Belfast BT9 6AX  
 Northern Ireland

### Radiocarbon Date Certificate

Laboratory Identification: UBA-42189  
 Date of Measurement: 2020-01-13  
 Site: 1021490 Vaar Frue church  
 Sample ID: KP3  
 Material Dated: charcoal  
 Pretreatment: AAA  
 mg Graphite: 1.200  
 Submitted by: Kjersti Tidemansen

Conventional	893±27
<sup>14</sup> C Age:	BP
	using
Fraction	AMS
corrected	δ <sup>13</sup> C

NIKU  
 NIKU  
 Postboks 736  
 Sentrum  
 Oslo 0105  
 Norway




<sup>14</sup>CHRONO Centre  
 Queens University  
 Belfast  
 42 Fitzwilliam Street  
 Belfast BT9 6AX  
 Northern Ireland

### Radiocarbon Date Certificate


Laboratory Identification: UBA-42190  
 Date of Measurement: 2020-01-15  
 Site: 1021490 Vaar Frue church  
 Sample ID: KP4  
 Material Dated: charcoal  
 Pretreatment: AAA  
 mg Graphite: 0.974  
 Submitted by: Kjersti Tidemansen


Conventional	933±30
<sup>14</sup> C Age:	BP
	using
Fraction	AMS
corrected	δ <sup>13</sup> C


## Vedlegg 4 Kalibreringskurver











Norsk institutt for kulturminneforskning er et uavhengig forsknings- og kompetansemiljø med kunnskap om norske og internasjonale kulturminner.

Instituttet driver forskning og oppdragsvirksomhet for offentlig forvaltning og private aktører på felter som by- og landskapsplanlegging, arkeologi, konservering og bygningsvern.

Våre ansatte er konservatorer, arkeologer, arkitekter, ingeniører, geografer, etnologer, samfunnsvitere, kunsthistorikere, forskere og rådgivere med spesiell kompetanse på kulturarv og kulturminner.

[www.niku.no](http://www.niku.no)

NIKU Oppdragsrapport 38/2021

**NIKU hovedkontor**  
Storgata 2  
Postboks 736 Sentrum  
0105 OSLO  
Telefon: 23 35 50 00

**NIKU Tønsberg**  
Farmannsveien 30  
3111 TØNSBERG  
Telefon: 23 35 50 00

**NIKU Bergen**  
Dreggsallmenningen 3  
Postboks 4112 Sandviken  
5835 BERGEN  
Telefon: 23 35 50 00

**NIKU Trondheim**  
Kjøpmannsgata 1b  
7013 TRONDHEIM  
Telefon: 23 35 50 00

**NIKU Tromsø**  
Framsenteret  
Hjalmar Johansens gt. 14  
9296 TROMSØ  
Telefon: 77 75 04 00